

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: 23/07915-5

Dato: 14. juni 2023

Innspel frå UiS til profesjonsmeldinga

Universitetet i Stavanger vil takke for moglegheita til å kome med innspel til den komande profesjonsmeldinga. På UiS har fakulteta og sentrale einingar fått høve til å kome med innspel til dei konkrete spørsmåla. Svara frå UiS følgjer utsendt mal og dei spørsmåla som ikkje er svara på er fjerna.

Generelt

1. I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?

UiS er delvis einig i dei omtalte utfordringane, ikkje minst relatert til utfordringane knytt til rekruttering til profesjonsutdanningane. Samtidig som departementet framhevar kapasitetsutfordringane i arbeidslivet, og tilsvarende rekrutteringsutfordringar i UH-sektoren innan realfag og teknologi, blir det innført studieavgifter for internasjonale studentar. Dette stengjer ein viktig og stabil rekrutteringskanal til både UH-sektoren og samfunnet innan profesjonsutdanningar med stor viktighet for mastergradsutdanningar. Eit omfattande og målretta stipendprogram vil kunne redusere dei negative konsekvensane for rekruttering som følgjer av innføring av studieavgifter

2. Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendingane vi trekk opp?

På generelt grunnlag er det vanskeleg å vite detaljert kva som blir framtidige kompetansebehov i samfunnet. Derfor er det svært viktig at studentane får ein basiskompetanse som gjer dei omstillbare i framtida. Basiskompetanse innan for eksempel teknologi- og realfagsutdanningar inneber gode grunnleggjande kunnskapar og dugleikar i dei grunnleggjande fagområda som utgjer fundamentet innan desse utdanningsretningane. Kortare og meir fleksible utdanningsløp, utvikla i tett samarbeid med praksisfeltet, vil kunne supplere dette, men det er viktig at basiskompetansen blir sikra gjennom studieprogram av god kvalitet.

Kompetansebehovet for helsevesenet er på den andre sida gjort godt greie for i offentlege dokumentar, til dømes helsepersonellkommissjonens (HPK) rapport. For å dekkje framtidige kompetansebehov er det naudsynt å etablere eit betre samarbeid mellom helsetenestene og utdanningsinstitusjonane på alle nivå (statleg HOD-KD, regionalt: høgskolar og tenestene). Som påpekt av HPK må man også være meir opptatt av oppgåvegledning og utvikling av nye grunnutdannings- og etterutdanningsløp. Samtidig som det blir gjort greie for i dei ulike dokumenta at det blir fleire eldre i samfunnet er det svært få som løftar fram kompetansebehovet innanfor geriatrisk sjukepleie. UiS vil ta til ordet for at helsetenesta treng denne kompetansen.

Studieprogramporteføljen blir revidert årleg for å sikre relevans, robustheit og kvalitet. På denne måten vil utdanningsprogram våre vere i stadig justering for slik at desse svarer til behova til samfunnet.

Utdanningsavdelinga
Seksjon for kvalitet og utvikling i
utdanningane

Universitetet i Stavanger
Postboks 8600
4036 STAVANGER
Org. nr. 971 564 679

Telefon: +47 51 83 10 00
E-mail: post@uis.no
www.uis.no

All post/e-post som inngår i saksbehandling, bes adressert til UiS og ikkje til enkeltperson.

Kvalitet

3. Sikrar krava vi stiller til fagmiljø gjennom lov og forskrift kvalitet og relevans i profesjonsutdanningane, eller er dei til hinder for t.d. praksisretta utdanningar?

UiS meiner at høg vitenskapleg kompetanse er ein føresetnad for kvalitet i utdanning, og for å førebu studentar på framtidens yrkesliv. Institusjonane har handlingsrom innan gjeldande lovverk til å rekruttere personar med relevant praksis erfaring i lektorstillingar og i delte stillingar.

Gradsforskrifta sine bestemningar om kva institusjonar som kan tilby profesjonsstudium innan psykologi, rettsvitenskap og teologi blei endra i mai 2021. Profesjonsmeldinga bør derfor reflektere utfordringane og krava i akkrediteringsprosessane knytt til utviklinga av slike utdanningar i tråd med framtidig kompetansebehov og samfunnsendringar. Krava som blir stilte til fagmiljøet i lovverket blir derfor opplevd urimeleg strengje for å kunne etablere nye praksisretta profesjonsutdanningar.

5. Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?

UiS opplever utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse i individuelle fagområde, eksempelvis pedagogikk og praktisk-estetiske fag innunder grunnskulelærerutdanningane, som skildra av Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora ved UiS. Dette gjeld også i høg grad for heile det helsevitskapelege feltet. Innan mange delspesialiteter (paramedisin, spesialsjukepleie) finnes det ikkje adekvat kompetanse på høgt nivå, noko som fordrar at institusjonane sjølve må bygge opp naudsynt kompetanse over deira driftsbudsjett for å sikre lærarstabar med naudsynt kompetanse på studieprogramma. Ein føresetnad for å kunna byggja opp naudsyn førstekompetanse er at utdanningane innanfor dei ulike spesialitetane er på masternivå slik at studentane har høve til å tileigna seg førstekompetanse/Ph.d utdanning.

Det har vore stor vekst i sektoren generelt dei siste 10-15 åra, samtidige som satsinga på og tilgangen til Ph.d.-stillingar knytte til mellom anna lærarutdanningar og sjukepleiarutdanningar har vore låg. Dette kan bøtast på for eksempel ved å styrkje ordninga for offentleg Ph.d., og ved å auke midlar i utlysingar frå Forskningsrådet som er relevante for utsette utdanningar.

6. Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?

Sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningar er avhengige av tilgang på søkjarar med riktig kompetanse, finansiering på ein måte som gir tilstrekkeleg rom for forskning i arbeidsplanar, og arbeid på strategisk nivå for å stimulere profesjonsrette forskning.

UiS vurderer at styrking av nærings- og offentleg ph.d., for eksempel i regi av Forskningsrådet vil bidra til å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Etablering av sterke forskingsmiljø inneber implisitt utdanning av ph.d-kandidatar med forskarkompetanse, som må verdsetjast og etterspørjast av næringsliv og offentleg sektor. Samstundes er det naudsynt å følge opp den satsinga på mellom anna helsetenesteforskning som HPK etterspør i sin rapport. I rapporten er det stort fokus på personellsparende tiltak og at utdanningane må ivareta både etisk refleksjon og gjere helsepersonell i stand til å ta avgrensa val på individnivå. Alt dette vil krevje meir ressursar til forskning og utvikling i korleis utdanningane og helsetenesta skal rigge seg. I tillegg ser ein det som viktig at arbeidet med den såkalla «hus-hytte»-modellen, der ein etablerer delte stillingar mellom akademia og praksisfeltet blir utvikla vidare ved å gjere det enklare å inneha slike delte stillingar.

8. Korleis påverkar rammeplanane kvalitet og gjennomføring i profesjonsutdanningane?

Rammeplanar har ein tosidigheit. På den eine sida sikrar dei relevans, innhald og minstestandard for profesjonsutdanningane. På den andre sida opplevast fleire rammeplanar som for detaljerte, og som ein barriere for innovasjon. Dette kan deretter føre til at styrkar ved den einskilde institusjonen ikkje kan utnyttast. Rammeplanane står som ein mogleg utfordrar til fleksibilitet, godkjenning og brubygging mellom ulike delar av utdanningssystemet. Det er viktig å vere medvite dette spenningsforholdet både hos forskriftseigarane (KD) og forvaltarane (UH-sektoren) slik at denne motsetninga blir balansert best mogleg.

For helsefaga og då spesielt for sjukepleie, kan rammeplanane rigid tolka framstå som eit hinder for innovative løysningar på problemet med å betre praksisutdanninga (digitalisering og simulering). I neste

omgang blir då rammeplanane faktisk eit hinder for å ta opp det talet på sjukepleiarstudentar som det krev for å bøte på kompetansemangelen i helsesektoren på sikt.

Dersom tanken er at utdanningane skal vere tilnærma like, burde det vere enklare å byte frå ei utdanning ved ein lærestad til lik og/eller tilsvarende utdanning ved ein annan lærestad. Dersom målet er å sikre lik kvalitet, så vil dette kunne sikrast gjennom kvalitetssystemet til den einskilde lærestaden. Dersom det er nødvendig med rammeplanar, er fleire av dagens rammeplanar alt for rigide eller blir praktiserte for rigid for fleksible og varierte utdanningar.

9. Kva bidreg rammeplanane for ingeniørutdanningane med, og er det framleis behov for rammeplanar for ingeniørutdanningane? Dersom det er behov for rammeplanar, er det noko som bør endrast i dagens rammeplan for ingeniørutdanningane?

UiS opplever at rammeplanar bidrar til å sikre fellestrekk mellom ulike norske ingeniørgradar. Dette er ei harmonisering som gjer det enklare for arbeidslivet å forstå kvalifikasjonane, og gjer det enklare for utdanningsinstitusjonar å vurdere desse for opptak til mastergradar. I tillegg bidrar rammeplanane til å sikre at forståing av kva ein ingeniørgrad er, og at den ikkje blir vatna ut.

Vidare sikrar rammeplanane at innhaldet i dei norske ingeniørutdanningane er brukande/kan godkjennast i andre europeiske statar jf.. Direktiv 2013/55/EU - Yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Yrkesutøvinga som ingeniør i Noreg er ikkje lovregulert, men gjennom eit forskriftsregulert minimumsinnhald er det enklare for ev. europeiske arbeidsgivarar å forstå den norske ingeniørgraden i land der yrkesutøvinga er lovregulert.

UiS tilrår at eventuelle justeringar av føringane i forskrifta for ingeniørutdanningar (rammeplanen) blir teken i eigen høyringsprosess.

10. Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til godt samarbeid og kva barrierar finst det?

Samarbeidet mellom arbeidsliv og lærarutdanningane blir stadig betre. Viktige verkemiddel har vore dei statlege satsingane på universitetsbarnehagar og universitetsskular, samt ordningane gjennom lokal kompetanseutvikling. Dette er ordningar som bør vidareførast. For helsefaga er samarbeidet mellom universitetet og både primær,- og sekundærhelsetenesten god. Det er etablert formelle samarbeidsorgan mellom UiS og SUS, og det føreligg planar om slike knytt til kommunehelsetenesta. Ein viktig barriere for å betre samarbeidet her dreier seg institusjonanes moglegheit til å prioritere tid til å etablere samarbeid.

11. Korleis fungerer dialogen mellom universitet og høgskular og arbeidsliv/samfunn, og er det tiltak som kan bidra til god dialog om kvalitet og relevans i utdanningane.

Dialogen med industri og arbeidsliv blir opplevd som tett og god, både i form av å sikre relevans, men også ved å sikre god kvalitet i utdanningane. Denne dialogen har mange ulike former, og inneber formelt samarbeid gjennom prosjekt og sentre, gjennom cluster, mellom einskilde fagmiljø og industri og arbeidsliv. Det blir også jobba med å vidareutvikle alumninettverk slik at dette kan bli ein dialogarena for å stadig jobbe med betre relevans og kvalitet i utdanningane.

Kapasitet

12. I Utsynsmeldinga blir det fast slått at dimensjoneringa av utdanningssystemet skal bli meir i tråd med behovet i samfunnet. Det skal skje mellom anna gjennom at UH-sektoren prioriterer å auke talet på studieplassar innanfor område som er etterspurde av arbeidslivet og av dei utdanningssøkjande, og som er særleg viktige for Noreg: IKT, helse og utdanning som er nødvendig for det grønne skiftet. Korleis kan institusjonane arbeide for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i profesjonsutdanningane?

UiS opplever at det er eit grunnleggjande motsetningsforhold i dette styringssignalet. Ein premiss for denne føringa ville vere at det er korrelasjon mellom studentane sitt val av studiar og behova til samfunnet; slik er det ikkje.

Finansieringsmodellen legg sterke føringar for at kapasitet skal aukast dit der studentar søker; ein stor del av den utdanningsbaserte finansieringa blir styrd av denne logikken. Samtidig peikar utsynmeldinga på IKT og fagområde som er nødvendige for det grønne skiftet. UiS si erfaring er at heilt sentrale fagområde for det grønne skiftet innan realfag- og teknologi har store rekrutteringsutfordringar for bachelorgradsstudier, og enda verre rekrutteringsutfordringar for mastergradsstudier. Innføringa av studieavgifter har forverra rekrutteringsutfordringane til teknologiske mastergradar.

Kunnskapsdepartementet burde sjå på tiltak for å minske konsekvensane av motsetningane i styringssignala i Utsynmeldinga og den nye finansieringsmodellen. Fagmiljø innan MNT-faga (matematikk, naturfag og teknologi) tek lang tid å byggje opp, og arbeidskrafta hos vitskaplege tilsett er svært konkurranseutsett. Ettersom søkjartala for ein del disiplinar går i ulike syklus, kan periodar med få søkjarar vere ein trussel for etablerte fagmiljø. Denne sårbarheita burde Kunnskapsdepartementet redusere gjennom målretta tiltak retta mot særleg konkurranseutsette fagmiljø innan profesjonsutdanningane.

Eit anna døme på dette motsetningsforholdet er det store nasjonale behovet for bioingeniørstudiar på bachelornivå med mogelegheit for master i etterkant leiande frem til det som ofte omtales som helseteknologstatus. Slik styringssignala er nå vil f.eks. UiS ved oppstart av ein slik type utdanning hos Det helsevitskapleg fakultet måtte «stele» studieplassar frå andre fakultet i staden for ein reell satsing via sentrale midlar.

13. Har de døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikre at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?

Fleire fakultet ved UiS har gode eksempel på slike dialogar. Det teknisk-naturvitskaplege fakultet har blant anna dialog med Lyse for etablering av ein ingeniørgrad innan elkraft. Samarbeidet omfattar både rekruttering, innhald i studieprogram og finansiering av opprettinga. Det har også blitt oppretta eit studieprogram innan batteriteknologi i samarbeid med batteriindustrien. UiS har også oppretta eit bachelorprogram innan toll, vareførsle og grensekontroll i tett samarbeid med tolletaten, og både bachelor og masterprogram innan prehospital teneste i samarbeid med bl.a. Norsk luftambulans. Bachelorstudia her er blant dei mest populære studia i Noreg.

15. Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?

Både digitale og desentraliserte utdanningstilbod er kostnadsdrivande; i alle fall i ein etableringsfase. Utlysingar gjennom f.eks. HK-dir. av ein viss storleik kan hjelpe UH-institusjonar til å kunne realisere slike tilbod i etableringsfasen gjennom ekstern delfinansiering. UiS har mellom anna etablert to desentraliserte sjukepleiarstudiar i distrikta (Ryfylke og Dalane) i samarbeid med kommunane i områda. Dette føreset bevillingar utover ordinære tilskott, noko ein har fått via HK-dir i begge tilhøva. Slike ekstratilskott er ein føresetnad for å etablere slik utdanning.

17. Kva må til for at fleire unge skal velje profesjonsutdanningar det er stor etterspurnad etter i arbeidslivet?

Årsakene til dei sviktande søknadstala til eksempelvis lærarutdanningane er antakeleg svært komplekse. Det er grunntil å tru at oppfatninga av framtidig jobb i skule og barnehage er den faktoren som betyr mest når unge skal velje utdanning. Lærarutdanningane har fått dårlege resultat i Studiebarometeret, og det har vore svært mykje negativ fokus på yrket knytt til både pandemisituasjonen og streik. Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora sluttar seg opp til UHR-lærarutdanning sitt innspel «Lærarutdanningane står overfor store utfordringar når det kjem til rekruttering til utdanningane. UHR-Lærarutdanning forventar at rekruttering er eitt av hovudtemaa meldinga tek for seg. Når rekrutteringssituasjonen for lærarutdanningane blir adressert er det viktig å sjå på rekruttering til lærarutdanningane i samanheng med rekruttering og interesse for læreryrket, og statusen og omdømmet til læreryrket. Lærarutdanning bør vere eit absolutt krav for fast tilsetjing som lærar.

Det blir også knytt bekymring til rekruttering til helseutdanningane og særleg sjukepleie som har hatt nedgang i søkjartalet. For utdanninga er det viktig at helsetenesta bidreg med å snu denne negative trenden ved å i større grad leggja vekt på dei positive sidene ved å arbeida i helsetenesta.

UiS er bevisste på at både profesjonane og profesjonsutdanningane må snakkast opp og fram, spesielt knytt til lærarutdanningar og helsefaglege utdanningar. Utdanningsinstitusjonane og profesjonsutøvande må

utfordre gammaldags syn på spesiell skule og helsevesen, og rekrutteringsarbeidet til profesjonsutdanningane må kanskje rette eit fokus mot korleis yrket er i dag i motsetning til korleis det har vore før. Dette kan for eksempel vere gjennom å sjå på korleis digitale og teknologiske løysingar blir brukte i helsevesenet og i skulen, og vidareutviklingsmoglegheitene som finst i desse profesjonane.

19. Bør fleire av profesjonsutdanningane organisere arbeidsplassbaserte utdanningar, y-vegar, tresemesterordning eller forkurs?

UiS tilbyr i dag på Det teknisk-naturvitskaplege fakultet eit sjølvfinansiert oppfriskingskurs, eller forkurs, innan realfag (matematikk og fysikk) for studentar som ønskjer ein ingeniørgrad. Verken dagens eller det nye finansieringssystemet har incentivar for tiltak som sikrar at personar med annan bakgrunn blir hjelpte til å kunne klare å gjennomføre høgare utdanning innan teknologi- og realfag. Slike ordningar føreset derfor ekstratiltak innan matematikk, fysikk m.m., og det bør vurderast ei særfinansieringsordning av tiltak som støttar reell kvalifisering av kandidatar med ulik bakgrunn.

Forkurs for ingeniørutdanning fungerer veldig bra og er eit langt betre verkemiddel enn y-vegsopptak. UiS opplever at studentar med opptak gjennom y-vegen har dårlegare gjennomstrøyming enn dei som blir tekne opp etter eit fullført forkurs. Dette kan kanskje vere eit tiltak for å auke etterspørselen etter andre profesjonsutdanningar.

20. Er C-krav til opptak til masterutdanning til hinder for å vidareutdanne helsepersonell med erfaring frå arbeidslivet?

UiS meiner at eit krav om C vil vere eit hinder for å vidareutdanne helsepersonell. Dersom det er nok søkjarar, vil rangeringsreglane sørge for at dei med høgast karakter får tilbod om studieplass. Dersom det er for få søkjarar, vil dette kravet vere til hinder for at det er nok kvalifiserte søkjarar. Det er ingen automatikk i at det er mogeleg å forbetre karakterar på ein enkel måte, og det er avgrensa kor mange tilleggspoeng det er mogeleg å få i eit opptak.

Praksis

23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?

Det mest kraftfulle tiltaket regjeringa kan gjere no er å sørge for ei betre finansiering av lærarutdanningane. Situasjonen i dag er at praksisemne ikkje gir studiepoeng. Det er heller inga ordning tilsvarende helseutdanningane som pålegg skular å tilby praksisplassar utan betalinga. For Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora ved UiS utgjør dette om lag 24 millionar kr i året, midlar som kunne vore brukt til å styrkje praksis i lærarutdanningane.

Når det gjeld helseutdanningane vil det mest kraftfulle tiltaket vera å mjuke opp kravet om at utdanninga skal vere i samsvar med EU direktiv 2013/55/ som krev at 50% av all praksis skal vera direkte knytt til pasientar i praksis. Å opne opp for at deler av praksisen kan vera simuleringsbasert, vil bidra til at sjølv kvaliteten i treninga for kommande sjukepleiarar vil bli betre. I tillegg vil det betre samarbeidet mellom tenestene og lærarstadene då kan opna for meir innovative praksisgjennomføringar. Her kan man også tenke seg meir bruk av simulering i sjølv praksisperioden og ikkje som erstatning for klinisk praksis.

Mangfald

28. Kva verkemiddel kan vi bruke for at profesjonsutdanningane tiltrekkjer seg studentar frå begge kjønn og ulike føresetnader og bakgrunnar? Kva bør rolla til offentlege styresmakter vere i dette arbeidet?

UiS meiner at for å sikre at det blir rekruttert fleire kvinner til realfag- og teknologiutdanningar, bør det offentlege jobbe langsiktig for å forbetre rekrutteringa til slike fagområde i alle nivå av opplærings- og utdanningssystemet. På same måten er det ein stor svakheit at helseprofesjonsutdanningane i praksis kun

rekrutterer frå den eine halvdelen av ungdomskulla; kvinnene. Konkrete tiltak for å gjera helseutdanningane meir attraktive for den manlege delen av befolkninga må jobbast med.

Det er viktig at det blir gjort tiltak i grunnskule og vidaregåande skule for å auke realfagsrekrutteringa generelt. Det er vidare viktig at sentrale rekrutteringstiltak som NSR (Nasjonalt senter for realfagsrekruttering) og Jenter og teknologi m.m. blir støtta slik at kvinndelen innan MNT-fag blir auka i UH-sektoren.

Med vennleg helsing

Bjarte Hoem
fungerande utdanningsdirektør

Bjørg Synnøve Frøysland Oftedal
konstituert prorektor for utdanning

Saksbehandler: Hanne Elise Pollack, tlf.: 51832390

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer